



TILTAKSKORT FOR BARNEHAGE/ SFO / SKULE VED FEMTE BARNESJUKDOM	
Om femte barnesjukdom	Årsaka er infeksjon med virus. Større utbrot vinter og vår kvart 3 – 5 år er vanleg.
Kan barnet få sjukdomen fleire gonger?	Nei
Smitemåte	Smitter via dråpesmitte frå person til person. Er mest smittsam ca. 7 dagar før utslett kjem.
Symptom og teikn til smitte	Ved femte barnesjukdom vert huda i kinn kraftig raud, deretter oppstår det eit småprikkete, raudt utslett på armane, overkroppen og nokre gonger på låra. Utslettet flyt samene i eit nettlignande mønster og vert bleikare etter kvart. Vanlegvis lett feber og luftvegssymptom nokre dagar i forkant av utslettet. Utslettet kan vare i fleire veker, og nokre barn får leddsmerter.
Tiltak ved utbrot av femte barnesjukdom	Generell god hygiene. Hyppig handvask. Sjukdomen krev ingen behandling. Barn med feber skal vere heime frå barnehage/SFO/skule. Gravide bør om mogleg, spesielt dei fyrste 20 vekene av svangerskapet, unngå miljøet kor det er konstatert utbrot av femte barnesjukdom til det ved ein blodprøve er påvist at den gravide er immun mot viruset. Prøven kan takast hos fastlegen.
Informasjon frå: https://fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/ https://helsenorge.no/sykdom/hud-og-har/utslett-hos-barn https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928	Treng du meir informasjon ta kontakt med helsesjukepleiar eller legekantoret